



Lindås kommune

Dato: 24.11.2014  
Vår ref.: 2014/22105-8  
Saksbehandlar: annvabo  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til høyring av planprogram for Kommunedelplan for massehandtering, Lindåsneset med Mongstad - Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 9. oktober 2014 om oppstart av arbeid med kommunedelplan for massehandtering, med planprogram. Hovudføremålet med planen er å ei betre samordning av massehandtering innanfor utbyggingsområda innanfor kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad. Planarbeidet vert ei vidareføring av den gjeldande kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### **Vurdering og innspel**

Planprogrammet er tydeleg og det er lista opp aktuelle tema for konsekvensutgreiinga som alle er viktige. Hordaland Fylkeskommune har merknader til følgjande tema:

#### Klima

Ut i frå eit klimaperspektiv og med tanke på kva som er mest praktisk, vil ein forsøka å finna plassar til massane nærast mogleg uttaket. Målet er å plassera så mykje som mogleg av jordmassane på ein slik måte at jorda kan nyttast til landbruksjord, men at ein set som eit arbeidsmål at minimum 10 % av massane skal nyttast til landbruksjord og at massane skal kunne plasserast innanfor kommunedelplanen si grense.

Massar som ikkje kan nyttast til landbruksjord, skal ein forsøka å plassera i andre område der dei enten kan gjera nytte for seg som til dømes skjermingsvoll eller planering. Ved dumping av massar utan nokon konkrete planar for etterbruk meiner Lindås kommune at ein bør skilja dei reinaste massane får samansette massar av røter, stein og jord slik at moglegheitene for ny bruk ein gong i framtida ikkje vert øydelagt.

I høve til problemstillinga legg Klimaplan for Hordaland 2014-2030 slike føringar:

- Klimavenleg utbyggingsmønster:
  - Jordressursar er karbonlager som skal takast vare på, med lågast mogleg utslepp av klimagassar.
- Berekraftig bruk av ressursane:
  - Minimera restavfall og auka kjeldesortering og gjenbruk.
  - Utnytta lokale naturgitte fortrinn og tilhøve.
  - Satsa på berekraftig matproduksjon i Hordaland.

Det er i samsvar med klimaplanen når planprogrammet legg opp til kortast mogleg transport av massane. I så måte er planavgrensinga fornuftig. Det er også positivt at ein har som arbeidsmål å bruka 10 % av massane til landbruksjord, men målet kunne vore meir forpliktande og ambisiøst, t.d. 20 %. Når det gjeld

dumping av massar utan nokon konkrete planar for etterbruk, meiner vi det er avgjerande at massane blir sorterte for bruk ein gong i framtida.

### Landskap

Landskapstypen i området er kysthei og kystmyr. Kystmyr er karbonlager som er viktig å ta vare på, og ei raudlista naturtype. Kystheia med sårbar lynghei er også raudlista naturtype. Begge naturtypeane er tilhaldsstad for artar som må kartleggjast. Dette må inngå i landskapstemaet i konsekvensutgreiinga.

### Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Det er kjent ei rekke automatisk freda og nyare tids kulturminne innanfor det aktuelle planområdet. Planprogrammet tek opp kulturminne og kulturmiljø, og landskapspåverknad som eigne utgreiingstema. Vi vurderer at opplegget skildra for desse tema i hovudsak er dekkande. Direkte konflikhtar, det vil seie deponering av jordmassar i areal kor det er kjende kulturminneverdiar, bør i størst mogleg grad unngåast. Vidare bør eventuelle avbøtande tiltak vurderast og gjerast greie for i konsekvensutgreiinga.

Kultur- og idrettsavdelinga vil vidare minne om pkt 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne, der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Planar som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne kan returnerast for utfyllande dokumentasjon. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalt, verneverdien vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdssårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Arealet i kommunedelplanen er delvis arkeologisk registrert i samband med tidlegare planprosessar, men det kan vere naudsynt med ytterlegare registreringar med heimel i §9 i kulturminnelova i delar av arealet for å avklare tilhøvet til automatisk freda kulturminne. Eventuelt behov for, og omfang av, arkeologisk registrering kan først takast stilling til når det føreligg arealdisponering i kommunedelplanen.

### Barn og unges interesser

Vi ber om at konsekvensar for barn og unge også vert vurdert.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Oppsummering**

Planprogrammet er tydeleg og det er lista opp aktuelle tema for konsekvensutgreiinga som alle er viktige. Vi har merknader til temaområda klima, landskap, kulturminne og barn og unges interesser og ber om at merknadene vert tatt omsyn til i den vidare planprosessen.

Marit Rødseth  
plansjef

Anne-Kathrine Vabø  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Jan Nordø, Regionalavdelinga, Klima- og naturressursseksjonen

Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Nils Egil Grude, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest